



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

# VURDERINGSRAPPORT

## VANGEN SKULE



**27.10 – 30.10.08**

## 1 – Føreord

### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

### **Kven er vurderar?**

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

### **Kva gjer vurderarane?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### **Rapporten**

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.

## 2 – Fakta om skulen

Vangen skule ligg i sentrum på Voss og vert rekna for å vere ein av tre sentrumsskular. Noverande bygg er frå 1970, men Vangen skule vart skipa i 1828 og er ein av dei eldste skulane i Hordaland.

Dette året har dei 204 elevar fordelt på 11 klassar.

Skulen har tilsett rektor i 74,7%, inspektør i 46,2%, 18 lærarar og 5 assistentar og 1 leiar i SFO.

Skulen vart vurdert av Vurderingsgruppa Hardanger/Voss for fire år sidan, hausten 2004.

### 3 – Vurderingstema

Vangen skule har bede om vurdering på følgjande tema:

**Fokus på eit felles vurderingssystem med tanke på utviklinga til kvar einskild elev.**

### 4 – Kriterium / Kvalitetskrav

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.*

*Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.*

*Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.*

<b>Kriterium</b>	<b>Teikn på god praksis</b>
<b>Skulen er ein lærande organisasjon</b>	<ol style="list-style-type: none"><li>1. leiinga tek initiativ til kunnskapsdeling og methodedrøfting på nye pedagogiske utviklingsområde</li><li>2. skulen har system for kompetanseheving</li><li>3. personalet er opne for endringar</li><li>4. skulen har eit tilfredsstillande system for informasjonsformidling</li><li>5. dei tilsette søker sjølv informasjon</li><li>6. alle kjenner innhaldet i Kunnskapsløftet</li><li>7. skulen vurderer kontinuerlig si verksemd</li><li>8. disponering av ressursane vert vurdert kontinuerleg</li></ol>
<b>Skulen har et personuavhengig, varig system for vurdering</b>	<ol style="list-style-type: none"><li>1. leiinga syter for at alle i personalet får opplæring i skulen sitt system for vurdering</li><li>2. lærarane på kvart trinn /team samarbeider om utforming av læringsmål, vurderingskriterium</li><li>3. leiinga og personalet er einige om tidsbruk og organisering av vurderingsarbeidet, t.d. elevsamtalane</li><li>4. skulen har felles retningsliner for kva som skal dokumenterast av den enkelte elev si læring</li><li>5. skulen har et system for arkivering av dokumentasjon av elevar si læring</li><li>6. "It`s learning" vert brukt i vurderinga</li><li>7. skulen har felles retningsliner for korleis ein tek omsyn til personvernet til elevane</li><li>8. leiinga syt for at dokumentasjon som har</li></ol>

<i>Kriterium</i>	<i>Teikn på god praksis</i>
	<p>interesse for heile organisasjonen blir brukt i skolens utviklingsarbeid</p> <p>9. elevar, personale, føresette og leiing opplever vurderingssystemet som nyttig</p>
<b>Vurdering er ein integrert del av undervisningsprosessen</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. læraren gir elevane tilpassa læringsmål</li> <li>2. eleven får opplæring i /kan vurdere eige arbeid</li> <li>3. eleven vurderer eige arbeid</li> <li>4. lærar registrerer systematisk elevane sin kompetanse</li> <li>5. lærar tek vare på naudsynt dokumentasjon av oppnådd kompetanse</li> <li>6. eleven får tilbakemelding undervegs i læringsprosessen</li> <li>7. lærar gjennomfører elevsamtalar der vurdering av eleven sin faglege og sosiale utvikling er tema.</li> <li>8. tilbakemeldingar er positive i forma og aukar motivasjonen for vidare læring</li> <li>9. tilbakemeldingar inneheld konkrete forslag til endring</li> <li>10. det vert gjennomført to konferansetimar med føresette i året</li> <li>11. lærar arkiverer dokumentasjon skulen skal ha</li> <li>12. elevane veit korleis dei vert vurderte?</li> </ol>
<b>Føresette kjenner skulen sitt opplegg for vurdering og medverkar til elevane si læring</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. føresette kjenner skulen sitt opplegg for vurdering</li> <li>2. føresette kjenner læringsmåla som gjeld</li> <li>3. føresette får noko informasjon om måloppnåing undervegs i læringsprosessen</li> <li>4. føresette får tilbakemelding på eleven sitt arbeid på de to konferansetimane</li> <li>5. foreldra får informasjon som er interessant og nyttig for dei</li> <li>6. foreldra opplever at det er lett å ta kontakt med skolen utanom faste møter</li> </ol>

## 5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: elevar, foreldre, lærarar, leing og assistentar
- Eksterne: Hanne Sandvik og Inger Sekse frå Vurderingsgruppa Hardanger/Voss

Grunngjeving for val av informantar:

I vurderingsarbeidet er det viktig å involvera dei partane det gjeld. I vurdering av system for vurdering er det naturleg å involvere elevar, tilsette og foreldre.

## 6 – Tidsbruk

*Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.*

### Tidsplan for vurdering på Vangen skule veke 44 2008

Veke - dag	TILTAK
Juni 08	Skulen melder inn vurderingstema
Veke 38	Vurderarar samlar aktuelle kriterium og teikn til eit glansbilete
Veke 39 Mand 22.09	Formøte Vangen skule Avklaring om vurderingstema, vedta tidsplan, overlevere dokumenter som syner vurdering (kan kanskje sendast elektronisk), avtale om overnatting
Veke 39 Fred 26.09	Vurderarar sender forslag til glansbilete, vedteken tidsplan og mal for foreldreinformasjon
Veke 42	Rektor diskuterer framlegg til glansbilete med personalet
Veke 42 Frist mand 13.10	Rektor sender tilbakemelding på glansbiletet til vurderarane på E post
Veke 42	Skulen sender ut informasjon til foreldre
Veke 42	Skulen kallar inn til foreldremøte, begge klassekontaktar frå kvar klasse
Veke 42	Skulen kallar inn til framlegging av rapport torsdag kl. 14.00. Det er ynskjeleg at skuleeigar er representert.
Veke 42 Torsd 16.10, Odda	Arbeidsmøte vurderarar. Vi lagar endeleg glansbilete, lagar påstandsskjema, førebur samtaleguidar og foreldremøte
Veke 42 Torsd 16.10	Vurderarar sender ferdig glansbilete og påstandsskjema elektronisk til rektor Vurderarar avgjer då om det vert utfylling i itslearning eller på ark.
Veke 42	Skulen set seg inn i endeleg glansbilete
Veke 43 innan Onsd 22.10	Rektor kopierer, deler ut og samlar inn påstandsskjema(viss føring på ark) i løpet av veka og sender dei til: Hanne Sandvik, 5476 Mauranger
Veke 43	Skulen lagar tidsplan og set opp namnelister for dette: Tre elevsamtalar: 1.- 3.,4./5. Og 6./7., to elevar frå kvar klasse. ( gut nr 2 jente nr 4 i kvar gruppe etter alfabetiske lister) Tre lærarsamtalar: 1.- 3.,4./5. Og 6./7., Helst alle lærarar Ein samtale med assistentar Observasjon i klasseromma Skulen legg til rette for at vurderarane får sjå aktuelle dokument

Veke 43 Laurd 25.10	Vurderarane skårar påstandsskjema
Veke 44	<b>Vurderingsveka</b>
Mand. 27.10 Kl. 14.00	Personalmøte: Vurderarar møter personalet. Orientering om Hardanger - Voss vurderingsgruppe
Kl. 15.00	Vurderarar møter rektor: Gjennomgå timeplan for veka, gjer klar rom til samtalane, førebur foreldremøte
Kl. 18.00 –19.00	Foreldremøte for alle klassekontaktar
Kl. 20.00	Middag
Tysd. 28.10	Kort møte med rektor /observasjon/samtalar/dokumentlesing Arbeid med rapport
Onsd. 29.10	Møte med rektor /observasjon/samtalar/dokumentlesing Arbeid med rapport
Torsd. 30.10 kl. 13.00	Arbeid med rapport Møte med skuleleiinga Justering og ev. rettingar
kl. 14.00 – 15.00	Presentasjon av rapportframlegg. Overlevering av rapport i papir og digitalt format. Overlevering av evalueringsskjema
Fr. 14	Rapport med vedlegg vert sendt leiar i vurderingsgruppa for arkivering, den offisielle delen vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida
Veke 12-15	Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein månad til ein av vurderarane som sender den vidare til leiar i vurderingsgruppa, Aud Lygre

## 7 – Metodar

*For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.*

*For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.*

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:*

### Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument.

### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med viktige endringar.

### Påstandskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandskjema til lærarane. Dette vart lagt ut på "It`s learning" og 94% av lærarane svarte på det.

### Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar og assistentar.

### Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane.

### Møte med rektor og inspektør

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid.

### Observasjon

Me gjorde korte observasjonar i alle klassane.

## **8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet**

### Generelt:

På Vangen skule møtte me positive og opne elevar og vaksne. Alle er opptekne av læring, og miljøet i klasseromma er prega av ro og konsentrasjon. Kontakten mellom skule og heim verkar svært god, og alle har mykje godt å seia om kvarandre.

### **Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon**

#### 1. Gode tilbakemeldingar

Skulen har utvikla ny felles praksis etter førre vurdering og viser at dei er ein lærande skule. Samtalane med elevar og lærarar viser at tilbakemeldingane er konstruktive. Elevane fortel at det er kjekt å få vurdering, lærarane seier og skriv kva som er bra og kva dei kan forbetra. Alle vekeplanane og arbeidsplanane har felles logo og dei har læringsmål.

#### 2. Gode lokale fagplanar

Lærarar og leiting har eit positivt eigarskap til Kunnskapsløftet og dei lokale fagplanane. Dei har lagt ned mykje arbeid i å laga lokale fagplanar, og er stolte av resultatet.

**Kriterium: Skulen har eit personuavhengig, varig system for vurdering.**

3. Godt system for kartleggjing av elevane

Kartleggjinga og arkiveringa av kartleggjingsresultata vert systematisk gjennomført. Det finst lett tilgjengelege planar for kva som er obligatoriske kartleggingsprøvar på dei ulike trinna. Lærarane er flinke til å følgja planane og til å arkivera resultata.

**Kriterium: Vurdering er ein integrert del av undervisningsprosessen**

4. Skulen er godt i gang med å forbetra vurderingspraksisen

Skulen har fleire døme på vurderingspraksis som er i tråd med læreplanen:

Fredagsprøven testar i kva grad eleven har nådd læringsmåla for veka.

Resultatet av prøven vert lagt fram for foreldra, og vert arkivert av lærar til bruk på elev- og foreldresamtalen. Det er litt ulik praksis, men dei fleste klassane gjennomfører dette frå 4. -7. trinn. Det finst døme på at klassar på lågare trinn har tilsvarande testar som er tilpassa yngre elevar.

Eigenvurderingsarket

Dette er eit eigenvurderingsskjema som vert nytta av fleire klassar på mellomsteget.

Konstruktive tilbakemeldingar. Nemnt over.

**Kriterium: Føresette kjenner skulen sitt opplegg for vurdering og medverkar til elevane si læring.**

5. Vangen skule har aktive og engasjerte foreldre

Foreldra vert tekne med i elevane sitt arbeid med å nå læringsmåla. Dei er opptekne av tilbakemeldingane dei får, og har meiningar om måten skulen gir tilbakemelding på. Dei er ein ressurs i arbeidet med å vidareutvikle eit system for vurdering på skulen.

## 9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

### **Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon**

#### 1. Det pedagogiske utviklingsarbeidet

Me ser mange teikn på at skulen er ein lærande organisasjon, jamfør kapittel 8. Likevel ser me døme på at det er forvirring om organiseringa av det pedagogiske utviklingsarbeidet på skulen:

- Kven leiar det pedagogiske utviklingsarbeidet?
- Kva er namna på dei ulike fora/grupper/møte?
- Rektor og inspektør har klare tankar om den pedagogiske utviklinga av skulen. Dei delegerar fleire oppgåver til avdelingane, slik at ikkje alle oppfattar kva som vert arbeidd med. Dette arbeidet må synleggjerast og resultata må delast.
- Arbeid med pedagogisk utviklingsarbeid må heile tida evaluerast og vidareutviklast (nye metodar, refleksjon, utprøving og deling)

### **Kriterium: Skulen har eit personuavhengig, varig system for vurdering**

#### 2. Viktige delar av eit godt system for vurdering må koma på plass

Vangen skule gjennomfører to foreldresamtalar i året. Samtalane vert gjennomført slik at foreldra opplever dei som avhengige av kven som er kontaktlærer for deira barn. Skulen må laga eit system som sikrar foreldresamtalar etter same systemet, uavhengig av lærar. Skulen må tenkja gjennom og laga seg eit system som sikrar:

- Innkalling til foreldresamtalen
- Punkt til gjennomgang heime
- Punkt til gjennomgang på samtalen (mappevurdering?)
- Oppfølging av samtalen. Eventuell skriftleg avtale med skule, elev og foreldre
- Lengd på samtalen (varierer no mellom 20 – 30 minutt)
- Eleven skal/bør vera med på samtalen (eventuelt at eleven ikkje er med på heile samtalen)

#### 3. Felles vurderingspraksis

For at Vangen skule skal ha eit personuavhengig, varig system for vurdering er det viktig at det vert utvikla felles praksis på nokre viktige vurderingsmåtar:

- Kva arbeidsbøker skal rettast?
- Korleis brukar me eigenvurderingsarket?
- Korleis fylgjer me opp og brukar fredagsprøvene?
- Kva eigenvurdering skal gjennomførast i 1. – 3. klasse?
- Kor ofte gjennomfører me elevsamtalen?

#### 4. Bruk av kartleggjing

Vangen skule har eit godt system for kartleggjing. Til vanleg tek lærar kontakt med teamet for spesialundervising når han/ho er usikker på utviklinga til ein elev. For å sikra at ingen elevar vert oversett, bør:

- Kartleggjingsprøvar gjennomgåast med kontaktlærar og leiinga på skulen

#### 5. Vurdering av sosial kompetanse

Assistentane gjer ein svært viktig jobb med å vurdera sosial kompetanse hjå elevane. Det må leggjast til rette for at denne kompetansen kan nyttast.

- Assistentane må ha tid til å delta på nokre møte der sosial kompetanse er tema.

### **Kriterium: Vurdering er ein intergrert del av undervisingsprosessen**

#### 6. Elevsamtalen

På Vangen skule vert det gjennomført ein elevsamtale i forkant av foreldresamtalen på våren. No vert det presisert at ein skal ha hyppige elevsamtalar/utviklingssamtalar med elevane. Det vert ei oppgåve for leiinga

- å organisera/auka ressursane slik at kontaktlærar kan gjennomføra fleire elevsamtalar kvart skuleår.
- sikra at fagleg og sosial utvikling er tema på samtalen
- laga system for dokumentasjon av samtalen

## **10 – Vidare arbeid**

*6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.*

Voss 30.10.08

Hanne Sandvik og Inger Sekse

## ***Vedlegg 1***

### **SAMTALEGUIDE ELEVAR**

1. Kva er det beste med Vangen skule?
2. Korleis veit læraren kva du kan i dei ulike faga?
3. Har de faste samtalar aleine med læraren for å snakka om fag?
  - a. (Når, kor, kva kallar de desse samtalane, er slike samtalar viktige)
4. Korleis er det å bli vurdert av læraren din?
  - a. (positiv tone, grad av måloppnåing, vegen vidare)
5. Korleis veit du kva som er læringsmåla dine?
6. Er du med og vurderer eige arbeid?
7. Fortel om konferansetimen de har med lærar og foreldre.

## ***Vedlegg 2***

### **SAMTALEGUIDE LÆRARAR**

1. Kva er det beste med Vangen skule?
2. Når arbeider de best med pedagogisk utviklingsarbeid her på skulen?
3. Korleis er de nøgde med måten de har innført ny læreplan?
4. Kva slag forventingar de til opplæring i "Its-learning"?
5. Kva er obligatorisk vurdering av elevar på ditt trinn?
6. Får nye lærarar rettleiing i korleis ein skal vurdere elevane?
7. Er lærarane på Vangen skule generelt sett flinke til å fylgja opp krav til dokumentasjon av vurdering?
8. Kva er dei viktigaste måtane du vurderer elevane på i tillegg til dei obligatoriske vurderingane?
9. Kjenner elevane dine kriteria du vurderer etter?
10. Kva legg du i at "vurderingane dine er positive i forma"?
11. Korleis har arbeidet med læringsmål vore nyttig for deg og elevane i læringsarbeidet?
12. Korleis får dine elevar høve til å vurdere eige arbeid?
13. Korleis vert foreldra informert om eleven si læring?
14. Korleis vert konferansetimane gjennomført på Vangen skule?

## ***Vedlegg 3***

### **SAMTALEGUIDE ASSISTENTAR**

1. Er de med på å vurdere elevens faglige utvikling?
2. Er de med på å vurdere elevens sosiale utvikling?
3. Er det sett av tid til at de kan vere med på slik vurdering?
4. Kan de merka at elevane er meir opptatt av eigen læring etter innføringa av Kunnskapsløftet?
5. Kan du gi eksempel på kva du ser av vurdering når du er med i klasserommet?
6. Ser du eksempler på at elevane driv med eigenvurdering?



## **Vedlegg 4**

### **SAMTALEGUIDE ADMINISTRASJON**

1. Korleis tykkjer de innføringa av ny læreplan har gått på skulen dykkar?
2. Kva er det viktigaste forumet for pedagogisk utviklingsarbeid på Vangen skule?
3. Korleis vil de gå fram for å setja alle lærarar i stand til å bruke "It`s learning" i vurderinga?
4. De ynskjer eit felles vurderingssystem. Kva er de nøgd med og kva bør vere annleis enn det de har?
5. Korleis fungerer rutinane for arkivering av kartleggingsresultat slik det er no?
6. Korleis nyttar de informasjonen som kartlegginga gir?
7. Kva er leiinga si viktigaste oppgåve for å lage eit varig system for vurdering?
8. Korleis kan de som leiarar halde eit godt vurderingssystem vedlike?
9. Korleis kan de få oversikt over korleis vurdering vert praktisert i det enkelte klasserommet?
10. Kva rutinar har de for å sikre kvaliteten på konferansetimane?



## **Vedlegg 5**

### **SAMTALEGUIDE FORELDRE**

1. Kva er bra Vangen skule?
2. Korleis får de informasjon om eleven si faglege og sosiale utvikling?
3. Får den einskilde eleven tydelege og konkrete tilbakemeldingar på eigen læring og utvikling?
4. Korleis opplev de foreldresamtalen? (Konferansetimen)



## Vedlegg 6

### Påstandsskjema for ped.personale, Vangen skule

Vurderingstema:

Fokus på eit felles vurderingssystem med tanke på utviklinga til kvar  
einskild elev.

Eg underviser mest på trinn 1 – 4 , trinn 5 –7  (Set kryss!)

Påstand	Ueinig				Einig 5
	1	2	3	4	
Leinga tar initiativ til kunnskapsdeling /metodedrøfting på tvers av teama					
Eg kjenner innhaldet i kunnskapsløftet					
Eg brukar "It`s learning" i vurderinga av elevane mine					
Eg samarbeider med andre lærarar om vurderingskriteria og vurderingsresultat					
Eg kjenner til kva for kartleggingsprøvar som er obligatoriske					
Skulen har felles retningslinjer for kva som skal dokumenterast av eleven si læring					
Eg har rutinar for å læra elevane eigenvurdering					
Eg gir tilbakemeldingar som er positive i forma for å auka motivasjonen for læring					
Tilbakemeldingane inneheld konkrete forslag til forbetring					
Eg gjennomfører to eller fleire elevsamtalar med den einskilde eleven					
Foreldra til elevane mine veit korleis elevane vert vurderte.					